



Konsernsjef Terje Arnesen.

Uskedelingen Terje Arnesen(52) blir ny konsernsjef i oljeselskapet Rocksource, vert det opplyst frå selskapet. Arnesen tar til i jobben 1.november. Han kjem frå stillinga som konsernsjef i Scana Propulsion, og han har tidlegare vore konsernsjef i Bergen Group.

Han seier i ei melding at han er glad for å få muligheten til å byggje vidare på suksessen Rocksource har opplevd i 2014 og utvikle selskapet vidare. Pil- og Bue-funna tidlegere i år var verkelege milepælar for selskapet, og han ser fram til å byggje vidare på dette.

Styreleiar i selskapet, Ole Wiborg seier at dei er glade for å annonsere at Terje blir den nye konsernsjefen. Han er ein svært erfaren toppleiar med erfaring fra olje, gass og maritim sektor.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland

Foto: Bergen Group(arkivfoto)